



Type møte: Etne kyrkjelege fellesråd	Oppmøte: Møterom Etne kyrjekontor
Dato: Tirsdag 22.januar 2025 kl.18.00	

Frammøtte:

Gerd Ingunn Opdal	Leiar
Reidar Leknes	nestleiar
Ole Vidar Melkeraaen	repr. Skånevik
Kjell Ingvald Matre	repr. Etne
Kari Vik Stuhaug	Geistleg representant
Andreas Aune	Kommunal vararepresentant

Forfall:

Kenneth Karlsen	Kommunal representant
------------------------	------------------------------

Opning Gerd Ingunn**SAKER:**

Sak 1/25 Godkjenning av innkalling og sakliste
Vedtak
 Innkallinga og saklista vart godkjend

Sak 2/25 Oppfølging av referat frå 26.nov.
 Referatet vart tatt til følgje

Sak 3/25 Budsjett 2025
 Vedlagt er budsjettforslag justert etter kommunen sitt budsjettmøte.
 Bevilgninga frå kommunen til drift er 4.263'.
 Budsjettet er justert litt ned med «ostehøvelprinsippet», i tillegg til at det er lagt inn bruk av disp.fond på 45'.
 Til investering har kommunen lagt inn i økonomiplanen sin følgjande:

	2025	2026	2027	2028
Ekstra avdrag lån	2.000			
Blyglas Skånevik				120
Stødle- Utberting skip				500
Grindheim – tak, vindaug og dører	440	440		
Stødle – oppgradering			200	
Grindheim – oppgradering kledning	250	250		

Beløp i 1000



Vedtak

Budsjettforslaget vart godkjend me ei endring. Det vert ikkje budsjettert med bruk av midlar frå disp fond. I staden vart det sett inn 45.000 på refusjon av sjukepengar.

Sak 4/25 Møtetidspunkt

Det har vore fremja ynskje om anna klokkeslett for fellesrådsmøta, enten kl.16.00 eller tilbake til kl.19.00

Vedtak

Møtetidspunkt for fellesrådsmøta blir kl.16.00.

Sak 5/25 Orienteringssaker

a. Referat frå sokneråda

- I. **Etne sokneråd 3.12**
- II. **Skånevik sokneråd 28.11**

b. Rekneskapsrapport 2024

Sjå vedlagt budsjett 2025 med rekneskap 2024

Rekneskapet er ikkje ferdig avslutta, men ser ut til å gå med eit mindreforbruk når underskot frå dei føregåande åra er dekkja inn.

Nokre av grunnane til dette er mindre straumutgifter enn budsjettert, i tillegg til refusjon av sjukepengar.

c. Besøk av statsråd Kjersti Toppe

Barne og Familieminister Kjersti Toppe kjem til Etne 28.jan. og vil besøkje kyrkja. Det blir samling på kyrkjetorget kl.12.30. Sokneråda og staben er invitert med. Det vil bli orientering om aktuelle saker, som prosjekt med organisasjonsutvikling, og barne og ungdomsarbeid mm.

Kyrkjekontoret i Etne, den 23.01.2025

Gerd Ingunn Opdal

Leiar

Aud Jorunn Baustad

Kyrkjeverje